



Statens vegvesen

Haugen VVA AS
Fabrikkgaten 7 B
5059 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
18/147285-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
03.07.2018

Nabovarsel og dispensasjon frå kommuneplanens arealdel – ny hovudvassleidning mellom Krosslia og Remme – Gnr. 131 bnr. 4 og 5 Radøyvegen – Lindås kommune

Vi viser til nabovarsel motteke 26.06.2018, med vedlagt søknad om dispensasjon frå kommunedelplan Alverstraumen for bygging i landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF).

Saka gjeld:

Søknaden gjeld ny hovudvassleidning på tvers av Radsundet, frå Krosslia (Indre Fosse) til Remme. Tiltaket er prioritert i Lindås kommune sin Hovudplan for drikkevassforsyning og vil sikre bustadene på Nesfossen/Remme kommunal vassforsyning.

Det omsøkte tiltaket krevjar dispensasjon frå bygging i LNF-område og i den funksjonelle strandsonen i Kommunedelplanen for Alverstraumen.

Vår vurdering:

Slik vi les teikningane, skal leidningane ikkje ha nærføring med fylkesveg/riksveg. Vi legg til grunn at tiltaket ikkje inneber graving nærare fylkesveg enn 3 meter frå vegkant eller i vegens fylling/fundament. Slike tiltak krevjar graveløyve frå Statens vegvesen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Det må avklarast om tiltaka nærast fylkesvegen krevjar arbeidsvarsling. Vi ber om at ein tek kontakt med nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no for avklaring i god tid før oppstart, der ein visar til vårt saksnummer 18/147285. Vedlagt i saka bør ein ha meir detaljerte teikningar enn dei som ligg ved i dispensasjonssøknaden.

Statens vegvesen har elles ingen merknader til omsøkte dispensasjon.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Svein I. Holmedal
fung. seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ